

ORD OG NEMNINGAR I SAMBAND MED HUSDYR

A. Husdyr i det heile (hest, storfe, sau, geit, gris)

1. Kva ord (samnamn) nyttar De for "husdyr" i det heile (andmarke, andmarkebeist, beist, bu eller buj, bytti, buskap, bøling, fe, krøter, kvikjende, fena(d), fana, kvik, eller anna)?

Kor mange dyreslag tek ordet (orda) med?

Bruker De ordet (orda som samlingsnamn (kollektiv) eller også om eit einskilt dyr?

.....

Nyttast ordet også i tydinga "krøterbesetning på en gård"?

Eller brukar De eit serleg ord for det?

Finst det noko serleg ord for ein krøterflokk på beite?

2. Samnamn for mindre husdyr (i motsetnad til stofe) (færnar/fenår/fana, smale, smalebeist, smalekrøter, småfe, småfenad, smålog, smædd, smæe, snål, småkrøter, bo eller anna ord)?

Kor mange dyreslag tek ordet med (sau, geit, eventuelt gris)?.....

Brukar De ordet som samlingsnamn (kollektiv) eller også om eit einskilt dyr?

Nyttar De eit av dei nemnde orda eller eit anna (kveik, parak, ungsmale, småk(e) etc.) serleg om ungar av småfe (sjå også under ”sau” og ”geit”)?

B. Ord for brunst og paring

Vi veit at det i mange bygder vert nytta både tilleggsord (adjektiv) og gjerningsord (verb) når dei vil segja at eit dyr har brunst, t.d. på Jæren slik: ”merrå e’ hestvid’le” men ”kunå løibe”. På grunn av det formål som denne lista har er det viktig å skilja mellom adjektiv og verb; difor har vi delt spørsmåla slik at vi i sp. 1 spør etter dei adjektiv som vert nytta og i sp. 2 etter dei verb som vert nytta. Dersom det også vert nytta eit namnord (substantiv), vil vi gjerne få opplysningar om det i svar på sp. 1.

1. Kan De nytta eit og same adjektivet (eller namnordet for brunst hjå alle slag husdyr)?

Adjektiv:

Substantiv:

Dersom ikkje, er det då noko adjektiv (eller namnord) som vert nytta berre om:

Brunstig handyr?

Brunstig hodyr?

Dersom De ikkje nyttar noko serleg adjektiv (eller namnord) for brunstig handyr og for brunstig hodyr, er det då slik at De har serlege adjektiv (eller namnord) for kvart einskild dyreslag, og kva for ord er i tilfelle det?

Hest:

Han er: Ho er:

Storfe:

Han er: Ho er:

Sau:

Han er: Ho er:

Geit:

Han er: Ho er:

Gris:

Han er: Ho er:

2. Nyttar De gjerningsord (verb) som tyder ”å vera brunstig”?
- Finst det eit ålment ord som De nyttar for alle slag husdyr?

Finst det eit gjerningsord som berre blir nytta om handyr?

Eller brukar De ulike gjerningsord for dei einskilde dyresлага, og kva for ord er i tilfelle det?

Hest: Han: Ho:

Storfe: Han: Ho:

Sau Han: Ho:

Geit Han: Ho:

Gris Han: Ho:

3. Gjeld desse orda (2) også sjølve paringa?

Dersom ikkje, kva heiter då det ”å para seg”?

Kjenner De noko ord som vert nytta for alle slag handyr?

Eller nyttar De ulike ord for

Hest: Han

Okse: Han

Ver: Han

Bukk: Han

Råne: Han

Kjenner De noko ord som vert nytta for alle slag hodyr?

Eller nyttar De ulike ord for:

Hoppe: Ho

Ku: Ho

Søye: Ho

Geit: Ho

Purke: Ho

C. Ymse kroppsdelar

1. Kva heiter dei fire magane hos jortardyr (t.d. kyr)? (Sjå fig. 1 på s. 18)

a) Den første og største magen (vom, golvom, gorsekk, storvomma, skinnsekk. Belg eller eit anna ord)

b) Den andre (liten, rund, med ein slag ”moskar” av slimhinnefoldar på innsida) (huva, fagerhuva, veslevomma eller eit anna ord)

c) Den tredje (med mange store lengdefoldar på innsida) (fill, fils, lake, marklake, skitlake, trollpose, løysingspose, nesslingepose, mangfaldsekk, fillekallen, bladmage, hardmage eller eit anna ord)

Har De nokor tyding på namnet?

d) Den fjerde, som vert nytta til osteløype (og som såleis ikkje er det same som blindtarmen!) (vinster, fele, hallis, sutar, kjese, løype, sleipkjeft, høne eller anna ord)

2. Kva heiter det ”å tyggja maten andre gongen”, t. d. om kyr (jorta, urta, tyggja uppatt eller anna)?

3. Kva kallar De eit dyr med horn, i motsetnad til eit dyr utan horn?

Kua er ei ku

Gjeld ordet og for sau, geit?

Har De eit tilsvarende namnord (substantiv) for dette (t.d. hyrna, spira eller anna ord)?

.....

4. Kva heiter eit dyr (ku, sau, geit) utan horn?

Kua er ei ku

Sauen er ein sau

Har De tilsvarende namnord (kolta, kolla eller anna ord)?

5. Brukar De alltid ordet horn i samband med storfe, sau og geit?

Eller nyttar De sumtid andre ord, t.d. for horn på sau?

For sers små horn?

6. Kva heiter den mjuke beintappen inne i eit horn, t.d. på kyr (finn, kvik, slo, stikel, føyre, lo eller anna ord)?

7. Kva er det vanlege ordet for å kastrera eit dyr (gjelda, skjera eller anna)?

.....

Nyttar De ulike ord (og ulike måtar) for dette arbeidet?

For **hest**:

For **okse**:

For **sau**:

For **geit**:

For **gris**:

8. Kva heiter sokket mellom buken og låret på dyr, t.d. hest (svange, nåre eller anna)?

.....

9. Kva er ordet for urin av husdyra?

Har De eit ord som vert nytta for alle dyreslag?

Eller er det serlege ord for urin av visse dyr, t. d. kyr?

10. Ord for "**hale**" (hale, rumpe, rove eller anna)?

Kva er det vanlege ordet, og gjeld det alle dyr?

Eller nyttar De ulike ord for:

Hest

Ku:

Sau:

Geit:

Gris:

D. Hest

1. Samnamn (hest, øyk, gamp, beist, skark, gadd eller anna)?

2. Ord for **handyr**:

a) avleført handyr: (fråår)

b) kastrert handyr

c) Har De eit ålment ord for handyr, som gjeld både avleføre og kastrerte (i alle aldrar eller frå ein viss alder, t. d.

frå 3-4 år. Frå den tida dyret vert nytta til køyrearbeid eller liknande)?

3. Ålment ord for **hodyr** (i alle aldrar eller frå ein viss alder, t.d. den tid, då dyret vert nytta i avlen eller liknande)?

4. Kva heiter **ungdyra** (vanleg frå fødselen til ½ eller 1 år, i visse målføre endå lenger)?
.....

a) handyr (0-år)

b) hodyr (0-år)

eller både saman (0-år)

NB! Gjev opp så nøye som råd er kor lenge namna gjeld.

5. Kva heiter dyret seinare (frå 1/2 -1 ½ år, 1-2, eller 3 år eller liknande)?

a) handyr (fråtil

b) hodyr (fråtil

eller både saman (fråtil

6. Nyttar De også andre nemningar for visse alderssteg, før dyret er vakse? Gjer då vel å skriva dei ned i tabellen nedanfor, og gjev nøye opp alder og i tilfelle sertydingar:

ALDER	HANDYR	HODYR	BÅE

7. Kva heiter ein gamal hest (15-20 år gammal eller eldre)?

a) handyr (frå)

b) hodyr (frå)

eller både saman (frå)

Nemn serlege tydingar t.d. "skralt, magert dyr", "dyr som skal skytast" eller liknande.
.....

Kan henda er det i eit eller anna målføre fleire ord for eldre hestar, t.d. eit for 15-20 år, og eit for eldre enn 20 år gamal hest. Nemn i tilfelle alle ord som vert nytta:

.....

8. Kva heiter det ”å føda” (fola, fylja eller anna)?

9. Kva heiter det når hodyret går med føl?

Ho er:

10. Kva kallar De den mjuke, trikanta brusken på hestefoten under hóven?

11. Kva heiter håret på hestehalsen?

Nyttar De serskilde ord for:

a) Langt hår som heng ned?

b) Klift hår som står opp?

12. Kva heiter den øvre delen på hestehalsen, der håret veks?

13. Kva heiter det ”å klippa håret på hestehalsen” (meita, klippa, mana eller anna)?

.....

14. Kva kallar De den bakre delen på hesteryggen (saman med øvre delen av låra) (dov, kryss eller anna)? (Sjå fig. 2 på s. 18)

15. Kva heiter den mørka stripa etter ryggen på sume hestar?

16. Kva heiter håret på hestehalen (tagl, harg, eller anna)?

17. Kva kallar De håret i panna på hesten (lugg, bruse, topp eller anna)?
18. Kva for ord nyttar De om lydane som hesten gjev frå seg (kneggging eller anna)?
- a) vanleg: han
- b) om dei veikare lydane, t.d. når han er svoltan: han
- c) når hestane småbitast, dei
19. Kva kallar De dei harde knollane (hornvortene) på innsida av hesteleggen?
-

E. Storfe

1. Samnamn (kyr, krøter, naut, nautskrøter, fe, storfe, buk eller buj, bufe, bukrøter eller anna)?
2. Ord for handyr:
- a) Avleført handyr(fråår)
- b) Kastrert handyr
- c) Finst det eit ord som vert nytta både om avleført og kastrert handyr?
.....
- Vert dette ordet nytta for alle aldrar eller først frå ein viss alder, t.d. frå dyret er ca 2 år gamalt eller liknande?
3. Ord for det yaksne, avleføre hodyret:
- Eintal: fleirtal:
- Når tek De til å nytta namnet (frå første, andre kalvinga eller liknande)?
- Er det serlege kjælenamn?
- Lokkenamn?
4. Kva heiter dyret om lag frå fødselen til det er $\frac{1}{2}$ eller 1 år, kanskje noko lenger:
- a) handyr(0-år)

b) hodyr (0- år)
eller båe saman (0- år)

Har De dessuten noko serleg namn på det nyfødde dyret dei første dagane eller vekene?

5. Kva heiter dyret seinare og kor lenge nyttar De det ordet (frå $\frac{1}{2}$ eller 1 til $1\frac{1}{2}$, 2 eller 3 år, til første kalvinga eller liknande):
- a) handyr (frå til.....)
b) hodyr (frå.....til.....)
eller båe..... (frå til.....)
6. Nyttar De også andre ord for visse alderssteg? I så fall kan De skriva orda i tabellen nedanfor. Gjev opp alder og serlege tydingar, t. d. ”hodyr, som går med første kalven”, ”hodyr etter første kalven”, ”hodyr som har kalva eit år for tidleg og nå kalvar for andre gongen” og liknande:

Alder	Handyr	Hodyr

7. Kva seier De når hodyret går med kalv?
8. Kva kallar De det ”å føda” (bera, kalva, kjelva eller anna)?
- 9 a) Kva heiter etterburden (etterburd, greidslor, greidor, heldor eller anna)?
.....
- b) ”å sleppa etterburden”?

10. Kva heiter den første kalven som ei ku har (kvigekalv, frumsekalv, tromskalv eller anna)?
11. Kva kallar De den tjukke raudgule mjølka som ein får dei første måla og som ein brukar til kalvedans, kjelost og liknande?
12. Kva seier De om ei ku, som mellombels dei siste veken før kalvinga ikkje mjølkar)
(Under a vil vi gjerne få greie på det adjektivet som vert nytta, under b det gjerningsordet som De nyttar når De vil segja at kua slutta å gjeva mjølk)

- a) Ho er (står) (adj.)
b) Ho (verb)

Kva gjer ein om kua ikkje av seg sjølv held opp å mjølka ei stund før kalvinga?

13. Kva heiter det "å mjølka kyr" (mjølka, mjetka, milka, stilla eller anna)?
Går De fram på ulik måte under mjølkinga og har De ulike ord for desse framgangsmåtane (mjølka osb., men stripla, strippmjølka el.a.)?
14. Kva kallar De spenane (spene, patte, pappe, titte eller anna)?

Ved sida av dei fire vanlege spenane er det sumtid to små, som det vanleg ikkje kjem mjølk frå. Kva kallar de desse (dvergspene, marispene, latpatte eller anna)?

15. Kva kallar De dei små klauvene, som sit ovanfor dei eigenlege klauvene på baksida av foten?

16. Kva kallar De den tjukke hudposen frami bringa og oppetter halsen på kyr?

.....
.

17. Kva kallar De ein knort eller byll i huda på kyr som kjem av åma til kubremsen?

.....

18. Kva for ord nyttar De om lydane som kyrne gjev fra seg

a) til vanlegho

b) Finst det i målføret serlege ord t. d. for serleg sterle lydar (når kua er arg eller redd)
ho / han.....

for oksen: han

for veikare lydar (når kyrne lengtar etter mat eller liknande)?

dei

eller andre

19. Kva kallar De det runde flate ekskrementet etter ei ku (kuruke, rygja, lure, ræpe eller anna)?

F. Sau

1. Samnamn (sau, smale, fanner, fen(âr), sausmale, (ull)smålog, libbe, lubb(a), får eller anna)?

Har dei i målføret serlege kjælenamn?.....

Kva seier De når De lokkar på sauene?.....

2. Ord for handyr:

a) avleført handyr(fråår)

b) kastrert handyr:

c) Finst det eit ord som vert nytta både om avleført og kastrert handyr?

.....

Nyttar De dette ordet for alle aldrar eller først frå ein viss alder?

d) Finst det serlege kjælenamn?.....

3. Vanleg ord for hodyr (i alle aldrar eller frå ein viss alder, t. d. frå ho har lemma første gongen eller liknande)?

Finst det noko serleg ord for hodyr, som har ein unge (ungar)?

Finst det serlege kjælenamn?.....

4. Kva heiter dyret i den første tida og kor lenge heiter det så (frå fødselen til ca. $\frac{1}{2}$ eller 1 år):

a) handyr (0-år)

b) hodyr (0-år)

eller samnamn for båe (0-år)

5. Kva heiter dyret deretter og kor lenge heiter det så (ca. $\frac{1}{2}$ eller 1 til $1\frac{1}{2}$ eller 2 år, til det vert nytta i avlen, til hodyret lemmar første gongne eller liknande)?

a) handyr:(frå til.....)

b) hodyr:(frå til.....)

eller samnamn for båe

Gjev opp så nøye som råd er kor lenge dei ymse alderssteg varer!

6. Nyttar De også andre ord for sume alderssteg? Då kan De skriva dei ned i tabellen neste side. Gjev nøye opp alder og i tilfelle serlege tydingar som til dømes ”hodyr som har fødd første gongen”, ”hodyr som ikkje har første lammet i normal tid” eller liknande:.....

Alder	Handyr	Hodyr

7. Kva seier De når hodyret går med lam?
Ho er(adj.)
8. Kva kallar De det "å få lam" (lamma, lemma eller anna)?
9. Kva tyder gimmerlam, gjømmerlam eller lliknande i Dykkar målføre?
10. Kva for ord nyttar De om sauelåten?
Han(verb)
11. Kva heiter den samanhengjande ullflata (ullpelsen) som ein klipper av ein einskild sau?
12. Kva kallar De vinterulla på sauen (ru, veft, eller anna)?
- Kva heiter det "å klippa (plukka) slik ull"?

G. Geit

1. Samnamn:
Finst det serlege kjælenamn?
Lokkenamn?

2. Ord for handyr:
- avleført handyr:(fråår)
 - kastrert handyr:
 - ord som vert nytta både om avleført og kastrert handyr:

Nyttar De dette ordet for alle aldrar eller først frå ein viss alder?

3. Kva heiter dyret den første tida (frå fødselen til ca. ½ eller 1 år):
- handyr:(0-år)
 - hodyr:(0-år)
 - eller både saman:(0-år)
4. Kva heiter dyret seinare (i 1-1 ½ års alderen eller liknande)?
- handyr:(frå.....til)
 - hodyr:(frå.....til)
 - eller både saman:.....(frå.....til)
- Gjev opp så nøye som råd alder og serlege tydingar som t. d. "hodyr, som har fødd ein gong", "hodyr som enno ikkje har hatt ungar" eller liknande!*
5. Nyttar De også andre ord for vissse alderssteg? Skriv dei i tilfelle i taellen nedanfor og nemn alder og serlege tynigar som t. d. "geit som har fødd to gonger" eller liknande:

Alder	Handyr	Hodyr

6. Kva seier De når geita går med kje?
 Ho er(adj.)

7. Kva kallar De det ”å føda” (kjea, kigga, kilja eller anna)?

8. Kva for ord nyttar De om geitelåten?

Han/ho

H. Gris

1. Samnamn (gris, svin eller anna)?

Finst det serlege kjælenamn?

Lokkenamn?

2. Ord for handyr:

a) avleført handyr:(frå.....)

b) kastrert handyr:

c) finst det eit ord for handyr som tek med både det avleføre og kastrerte?

.....

3. Ord for hodyr:

a) i det heile (alle aldrar):

b) for det vaksne, avleføre hodyret:(frå.....)

Finst det serlege kjælenamn?

4. Kva heiter dyret den første tida (frå fødselen til 2-3 månader eller $\frac{1}{2}$ år, eventuelt bare dei første 2-4 vekene eller liknande)?

a) handyr:(0-år)

b) hodyr:(0-år)

eller både saman:(0-år)

5. Nyttar De også andre ord for visse alderssteg (t. d. for dyret i 1/2 eller 1 års alderen eller liknande)? Skriv dei i tilfelle i tabellen på neste side og gjev opp så nøyne som råd

alder og serlege tydinger, t. d. ”hodyr som ennå ikkje har hatt ungar”, ”handyr frå 2-3 månader til det vert nytta i avlen” eller liknande:

Alder	Handyr	Hodyr

6. Kva seier De når hodyet er ”drektig”? Ho er..... (adj.)

7. Kva kallar de det ”å føda” (grisa, rusa el.a.)?

Kva kallar De dei ungane som er fødde på ein gong (bøle, kull el.a.)?

8. Kva heiter ”snuten” på grisen (tryne, roll, snåld el.a.)?

9. Kva for ord nyttar De om dei lydane som grisen gjev frå seg?

a) om dei stutte, støytvise, snorkande lydane:

han/ho

b) om dei høge, skrikande (t. d. når grisen vert slakta):

han/ho

Fig. 1




Fig. 2

